



TEKSTILINDUSTRI-  
MUSEET

M U  
H O

# Årsmelding 2024



## Innleiing

Byrjinga av 2024 var prega av årsplanlegging, rapport og søknadsskriving til stat, fylke og kommune. Det har vore jobba endå meir strategisk med å få til betre system og rutinar for å styrke arbeidsmiljøet, sikre føreseieleg organisering og drift, samt auke eigeninntektene og få fleire til å besøke museet. Besøkstala i 2024 var bedre enn året før og bedre enn året før pandemien. Vi trur dette skuldast fokus på strategisk planlegging. Tilskot for 2024 til forvalting, drift og vedlikehald frå statsbudsjettet, kap. 1429 post 72 var meir føreseieleg enn året før og bidro til betre drift og tryggare økonomiske rammer. Dette gjorde det mogleg å tilsette handverkar i fast stilling.

Istandsettingsmidlar frå post 72 bidro til at vi kunne byrje med å sikre konstruksjon i 1900-bygget, få ordna utfordringar med avløp, sette i stand Bryggarhuset og fortsette med asbestosanering. Grunna pålegg frå Bergen kommune om utbetring av felles avløpssystem i Salhusgrenda knytt til Salhus trikotasjefabrikk, tok Tekstilindustrimuseet (TIM) initiativ til å etablere Miladalen avløpslag i lag med grunneigarar knytt til felles avløpsanlegg, noko som har ført til betre samarbeid for å løyse felles utfordringar. TIM har som styremedlem i Norsk industriarv fortsatt å arbeide aktivt med å formidle kor viktig det er å ha føreseielege rammeverk som lønnsmidlar til FDV, og å sikre at statlege tilskotsmidlar frå post 72 på statsbudsjettet vert styrka når Riksantikvaren sine bevaringsprogram vert avslutta. Salhus Tricotagefabrik er freda etter kulturminnelova for å sikre at nasjonale kulturminneverdiar ikkje går tapt. Midlar frå både Bergen kommune og Vestland fylkeskommune har gjort det mogleg å få installert varevindauge. Slike ENØK-tiltak har vore viktig for å redusere kostnadane knytt til straum og slik trygge økonomien. Vestland fylkeskommune godkjente at restmidlar frå post 72 i 2021 kunne brukast til å skjødsel av freda kulturmiljø, som fjellsikring og sikring av bakkemurar som er i ferd med å rase ut. Vi er også svært takksam for at midlar som skulle gå til lærling, kunne omdisponerast slik at Opplæringskontoret for tekoindustrien i Hordaland kan utvikle kvalitetsprogram for lærlingar og vere med på å utvikle Tekstilindustrimuseet som læringsarena for Tekoindustrien i Vestland. Dette er viktig å få på plass for å sikre at kompetansen knytt til maskinparken som enno ha ei produksjonslina er operativ, noko som er unikt i nasjonal samanheng. Dette resulterer mellom anna i at museet kan produsere og selje eigne berekraftige varer som sokkar, skjerf, pulsvarmar og genser i museumsbutikken. Kompetansen knytt til maskinparken er svært sårbar med omsyn til overføring av handboren kunnskap og skulle vore styrka med fleire tilsette. I 2024 har ein vore noko styrka med utveksling av kompetanse frå Magnus Tveiten og Alma Skrbo frå Oleana. Garn frå Hillesvåg Ullvarefabrikk AS, Sandnes garn og AS Safa-Samnanger Fabrikker har også i år vore kjærkomen. Ein har i løpet av året fortsatt med asbestosanering, men denne gongen i Fargeri/Vaskeriet. Istandsetjing av kjøkken og utleigelokalar på Kveldheim (den gamle direktørbusstaden) er fullført og lokala har vore leigd ut internt og eksternt. Sommarsesongen vart avvikla på ein god måte med sommarhjelp knytt til både omvising, drift i kafeen, reinhald og FDV. Museet har fått endå fleire gode tilbakemeldingar etter at delar av fabrikklokala har blitt meir tilgjengelege utan omvisar. Bergen strikkefestival 2024 i lag med Ullveka, har bidratt til auka merksemd om den immatrielle kulturarven, berekraftig produksjon og mental helse i samarbeid med



offentleg, privat og frivillig sektor. Det har vært arbeidd aktivt med auka fokus om redesign og berekraftig tekstilproduksjon gjennom arrangement som (Re)fashioning the future, arbeid med den nye utstillinga "Rett og Vrang", "Escape Box" - om tekstil og berekraft og samarbeid med ulike Klimafestivalar. Det er starta opp arbeid med søknad om offentleg PhD, som del av arbeidet med den nye utstillinga. TIM har fortsatt som partner i NF&TA (Klynge for tekstilnæringa i Noreg) og deltar aktivt som medlem i Teko Teknisk foreining. Vi er med som partner i prosjektet "Innovation Norwegian Wool, finansiert av Innovasjon Norge, som starta opp i 2024. TIM har for andre år på rad, vore med å arrangere Bergensregionen sin andre redesign-konkurranse, «REDIS», i lag med Bergen offentlege bibliotek. Nordisk forskings- og utviklingssamarbeid med Textilmuseet i Borås, Tekstilmuseet i Herning, Midtjylland museum og Sjølingstad Ullvarefabrik er vidareført. Museet har vore støttespelar inn i prosjektet "Weave the world" som skal løfte arbeidet med rehabilitering av krigsskadde i Ukraina. Vi er medlem av den internasjonale komiteen for konservering av den industrielle kulturarven, TICCHI for å styrke oss fagleg. Medlemsskap i Bergen næringsråd og Visit Bergen har gjort dialogen med bergensk næring- og reiseliv lettare, der vi mellom anna har starta opp samarbeid med lokale, regionale og internasjonale aktørar om berekraftig reiselivspakkar. TIM er med i "Liv og Lyst i Salhusgrenda", finansiert av Vestland fylkeskommune, som skal jobbe for auka engasjement for eit livskraftig lokalsamfunn i Salhus. Det har vore stort fokus på marknadsføring via sosiale media, heimeside, Visit Bergen og Barn i byen. Vi har hatt jamleg gratis inngong sundagar og gjev gratis inngong til dei som har Bergen kommune sitt aktiviteteskort, då vi ynskjer å inkludere fleire. Vi jobbar og med å bli betre på universell utforming og har hatt kurs for musea i Vestland. Galleri Salhus har igjen løfta kunsten regionalt, nasjonalt og internasjonalt med flotte utstillingar på museet dette året; 5 i galleriet, 5 i kafemonteret og ei utstilling i Karderiet og på Spoleloftet. Gjestekunstordninga med to kunstnarar buande i Skulehuset frå 1878 vår og haust, er vidareført og har bidratt til at vi har blitt meir synleg lokalt og internasjonalt.

Eg er stolt over alt vi har fått til i 2024 og glad for å få jobbe på ein så fin stad i hjarte av Salhus. Eg vil difor nytte høvet til å rette ein stor takk til alle engasjerte tilsette, som er løysingsorientert, open og inkluderande og bidrar til at arbeidet vårt er relevante i samtida. Vi er i utvikling og jobbar aktivt for å bli meir robust og føreseileg og håper på meir samskaping internt og eksternt.

Stor takk til Hillesvåg Ullvarefabrikk AS, som gir oss garn og bidrar med kunnskap og kompetanse. Stor takk til AS Safa-Samnanger Fabrikker som også gir oss garn og stor takk til Norlender som har sydd Salhusgenseren vår. Stor takk til Sandnes garn AS som også gjev oss garn og sist, men ikkje minst stor takk til Oleana og Ytre Arna museum for utveksling av kompetanse og samarbeid. Og sjølvsagt stor takk til offentlege og private tilskotsgjevarar, samarbeidspartar og frivillige lag og organisasjonar og til alle som besøker museet.

----

Salhus, 10.2.2025

Inger Lena Gåsemyr  
Leiar Tekstilindustrimuseet



Framsida: Øvst. f.v: Frå seminaret "Ullovasjon Norge", verk frå gruppeutstillinga "Imagine" av Signe Halle. Nedst f.v.: Rotkne montert i 1900-bygget, workshop på Bergen strikcefestival

## Tilsette i 2024

- Inger Lena Gåsemyr: avdelingsleiar
- Anneli Belsvik Aras: formidlar og kurator Galleri Salhus
- Ingrid Haugrønning: nestleiar og samlingsleiar frå 1. oktober 2024
- Hanne Dale: samlingsleiar fram til 30. september 2024.
- Trond Oddekalv: driftsleiar og handverkar
- Bjørnar Myklebust: handverkar
- Geir Arne Tverlid: maskinteknikar  
Siri Angela Gamborg: produksjon og museumsbutikk
- Ellen M. Fiære Risbruna: formidlingsleiar
- Liudmila Karpenka: reinhaldar
- Agnes Hoshovde Bernes: formidlar
- Cecilie Straagaard: formidlar og kurator
- Ida Westberg: omvisar fram til 31. juli.
- Katinka Helland: omvisar
- Ine Sofi Haaland: kafevert
- Helma Kristine Rønhovde: omvisar
- Nina Eriksson: omvisar
- Kjersti Holgernes; formidling til barn (mellombels stilling)
- Maciej Tomczuk: handverkar (mellombels stilling)
- Maryna Krasiuk: arbeidspraksis språkopplæring
- Sommarvikar på bygg og anlegg: Sigrid Jacobsen og Inga Grønsnes Oddekalv





Berekraftig veke: opning av utstillinga "OBRONI WAVU" av Søren Zeuth i fabrikken og foredrag med Eminus design studio på seminaret (Re)fashioning the future III

## Formidling

*Formidlingsplanen har som mål å oppnå ei meir profesjonalisert formidling og sikre eit heilskapleg tilbod til våre besökande. Vi har i 2024 jobba med å utvikle nye tilbod for å nå eksisterande og nye målgrupper.*

BESØK	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>januar</b>	351	355	0	92	83	88
<b>februar</b>	660	394	175	370	507	428
<b>mars</b>	369	137	201	697	457	1022
<b>april</b>	360	0	176	624	879	695
<b>mai</b>	679	65	94	532	321	593
<b>juni</b>	670	269	236	562	677	776
<b>juli</b>	298	264	210	561	572	609
<b>august</b>	437	290	248	723	751	865
<b>september</b>	2075	431	443	391	1459	1737
<b>oktober</b>	687	605	1280	749	966	669
<b>november</b>	585	14	504	443	440	597
<b>desember</b>	229	69	98	266	137	107
<b>SUM</b>	<b>7400</b>	<b>2893</b>	<b>3665</b>	<b>6010</b>	<b>7249</b>	<b>8186</b>

Det har vore eit år med stor aktivitet. Besøk av enkeltpersonar, grupper, skuleklassar og arrangement syner att i besøkstala og i omsetning i butikk og kafé. Vi har hatt 8186 gjestar, med særleg gode besøkstal i mars og september. Galleri Salhus opna sesongen med utstillinga IMAGINE med dei tre Bergens-baserte kunstnarane Signe Halle, Masoud Alireza og Kristin Austreid. 17. mars opna fotograf og aktivist Søren Zeuth utstilling inne i fabrikken, på Spoleloftet og i Karderiet (1910-bygget), noko som resulterte i gode besøkstal i mars. September var òg travel månad med strikkefestival og mykje skulebesøk. Både gruppebesøk og gratis sundagar har gitt godt sal i butikk og kafé. Dei siste åra har vi sett etter smartare og mindre ressurskrevjande måtar å halde museet ope, og korleis vi kan ha ein innbydande kafé utan for store kostnadar.

I februar opna vi Karderiet slik at publikum kan gå på eiga hand i tillegg til Spoleloftet som opna i 2023. På Spoleloftet og i Karderiet vart det montert skjermar som viser filmen «frå ull til tråd». Brosjyren med informasjon til publikum vart oppdatert og inkluderer no også Karderiet. Brosjyren har fokus på produksjon og maskiner på Spoleloftet og i Karderiet, men gjev ein enkel inngong også til resten av museet. Talet på omvisingar er redusert frå kvar time til to om dagen på kvardagar, og to på søndagar. Barneomvising med Bændik, som går på søndagar og i skuleferien har kome i tillegg. Billettprisen vart òg oppjustert, slik at ein betaler ekstra for omvising. I år var ein tidleg ute med vaktplanlegging, for å gjere det føreseieleg for dei tilsette og for organisasjonen. Kafèdrifta har vært løyst med føreseielege vakter på kvardagar for dei faste tilsette.



## Undervisning

Vi har tatt imot nærmere 1434 skuleelevar i 2024. Dette er noko mindre enn i fjar, grunna prioritering av oppgåver knytt til utvikling av nye tilbod, sjølv om stadig fleire lærarar tek kontakt med oss. Vi har utvikla eit nytt formidlingsopplegg for mellomtrinnet om tekstilar og materialar. Fleire skuleklassar kjem også for "Escape box" om tekstilar og berekraft, og vi får gode tilbakemeldingar frå elevar og lærarar på at dette er eit kjekt opplegg.

I tillegg til utvikling av formidlingsopplegg har vi hatt fokus på utvikling av tilbod til barn og unge som kjem utanom skuletid, særleg i feriar og på planleggingsdagar. I tillegg tilbyr vi omvisingar for barn og aktivitetsbord om berekraft og handarbeid i kaféen på søndagar, i feriar og på planleggingsdagar når museet er ope. I samband med det har vi etablert nye strategiar for å bruke opp teknilrestar frå produksjonen.

Vi har hatt 4 gratis søndagar med gratis inngang på museet i løpet av året. Det har vore ein stor suksess, og opplever at vi når ut til fleire barnefamiliar på denne måten. Barn med aktivitetskort kan ta med seg ein vaksen gratis på museet.



*Ungt perspektiv: frå utstillinga "KMD: Textiles" i samarbeid med tilsette og studentar frå Fakultet for kunst, musikk og design på Universitetet i Bergen i april 2024. I november arrangerte Prøverommet i samarbeid med museet familieforestillinga Un/masking by Teresa Kurowska.*

## Arrangement 2024

<b>Februar</b>	
18. februar	Første opningsdag/utstillingsopning GS: Gruppeutstillinga IMAGINE med tre Bergens-baserte kunstnarar Signe Halle, Masoud Alireza og Kristin Austreid.
25. februar	Gratis søndag
27. februar	Strikkekafé om "Dei magiske plantefargane" med Monika S. Ravnanger (OM)
<b>Mars</b>	Vinterferie
17. mars	Utstillingsopning Spoleloft: Fashion Dumpsite/Søren Zeuth
19. mars	Strikkekafe: solidaritetsstrikk for Palestina med Marie Skeie
<b>April</b>	
7. april	Sytreff på syloftet
14. april	Utstillingsopning GS: KMD : textiles
21. april	Klesbyttefest – clothing swap
23. april	(Re)fashioning the future III - fagseminar
28. april	Gratis søndag
<b>Mai</b>	
10. mai	Planleggingsdag
12. mai	Kunstnarpresentasjon med residency-kunstnarane Gro De-Martine (NO) og Pinelopi Triantafyllou (GR)
<b>Juni</b>	
6. juni	Ullovasjon Norge
<b>September</b>	
28.-29	Bergen Strikkefestival
<b>Oktober</b>	
6. okt	Utstillingsopning GS: Siren E. Wilhelmsen
	Høstferie - Barneforestilling
29. oktober	Strikkekafé: Dåpskjoletradisjon satt inn i kulturhistorisk kontekst.
<b>November</b>	Kulturfest Åsane: Prøverommet – dans og teaterforestilling.
24. nov	Utstillingsopning GS: Off the wall/table
26. november	Strikkekafe
<b>Desember</b>	
	Juleutstilling GS: Off the wall/table





Samling med Tekstilnæringa i Norge på Strikkeloftet under Ullovasjon Norge 6. juni.

## Bergen Strikkefestival

I 2024 vart Bergen Strikkefestival gjennomført med stor suksess som året før. Festivalen starta fredag kveld med Kick-off strikkebingo på Hotel Terminus. Laurdag og søndag var fylt med foredrag på Spoleloftet, og kurs i ulike lokale i fabrikken og på Kveldheim, marknad i Galleri Salhus og på Syluftet. Alle tilsette gjorde ein stor innsats for å planlegge og avvikle festivalen. I tillegg fekk vi god hjelp frå 40 frivillige. Janne Bjelland hjalp oss med kafédrifta og bidrog med gode innspel til festivalmeny. Over 1400 personar var innom Salhus og Tekstilindustrimuseet denne helga.



Foredrag på Spoleloftet under Bergen strikkeskifte.

## Utstillingar i Galleri Salhus

Galleri Salhus (GS) opna sesongen med utstillinga IMAGINE med dei tre Bergens-baserte kunstnarane Signe Halle, Masoud Alireza og Kristin Austreid. ABA gjennomførte annonsert kunst-onsdag med kuratoromvising i utstillinga for fyrste gong, og publikum var få men kompetente, og det vart ei fin stund i galleriet. Fotograf Thor Brødreskift dokumenterte utstillinga for oss, og desse fotografiene vert nytta på våre nettsider og på SOME. Innkjøpskomiteen for Norsk Kunsthåndverk vitja utstillinga, og kjøpte inn eitt verk av Kristin Austreid til KODE, og eitt verk av Signe Halle til Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum. Det er fyrste gong vi sel eit verk som hamnar hjå Nordefjeldske Kunstindustrimuseum, så det er sjølv sagt stas. Vi hadde i tillegg kunstnarpresentasjon av dei tre kunstnarane på SOME under utstillingsperioden. Utstillinga stod i perioden 18. feb.–31. Mars.

Galleri Salhus fekk i 2024 støtte frå BKH, øyremerka til fotodokumentasjon og marknadsføring på SOME, inkl. honorar til utstillande kunstnarar som bidreg med tekst og innhald. Dette var kjærkomne midlar som hjalp til med å gjere galleriet meir synleg. Dette betyr at all fotodokumentasjon for GS i 2024 var dekka med eksterne midlar, i tillegg til at vi får styrka markadsføringa på SOME.



Foto: Anneli Belsvik Aras

17. mars opna fotograf og aktivist Søren Zeuth utstilling inne i fabrikken, på Spoleloftet og i Karderiet (1910-bygget). Utstillinga hadde tittelen "Obronni Wavu" som betyr "den døde kvite manns klede", og omhandla problematikken rundt innsamling av klede som vert sendt til den tredje verda og endar som store fjell av tekstilavfall. Ei veldig aktuell utstilling for TIM/GS å ha, og arbeida til Søren Zeuth fekk ein ekstra dimensjon av å vere utstilt i dialog med fabrikkbygningen. Utstillinga stod fram til 12. mai. Denne utstillinga reiser vidare til våre samarbeidspartnarar på Tekstilmuseet i Herning (DK) og Textilmuseet i Borås (SE), på bakgrunn av vårt initiativ. Utstillinga var og med under klimafestivalen Varmere, våtere, villere sitt program i 2024.



Foto: Søren Zeuth



14. april opna den årlege utstillinga av studentarbeid frå Fakultet for Kunst, musikk og design på UiB. Dette samarbeidet med KMD/UiB har vi no hatt i 5 år, og vi opplever det som eit gjensidig viktig samarbeid: Studentane får unik erfaring med å stille ut i eit profesjonelt visningsrom, og øving i å dele eit visningsrom med mange andre i ei gruppeutstilling. GS får eit unikt og tidleg innblikk i kva komande generasjon tekstilkunstnarar er opptekne av og arbeider med. Vinn vinn! KMD/UiB har eigen fotograf, Bjarte Bjørkum, som dokumenterer utstillinga. Bilete har vorte kostnadsfritt delt med GS, og vi har hatt promotering av kunststudentane sine arbeid på SOME under utstillingsperioden (14. april–12. mai).



Foto: Fakultet for kunst musikk og design, UiB.



I perioden 1.juni-1.september hadde vi årets store satsing; Sommarutstillinga «in under genom upp och sedan ut», kuratert av Anna T. Wolgers (SE), som viser verk av 5 markante nordiske tekstilkunstnarar. Utstillinga vart opna av tekstilkunstnar Kari Dyrdal. Emilia Elfvik (SE) :: Liisa Hietanen (FI) :: Kari Hjertholm (NO) :: Kari Steihaug (NO) :: Grethe Wittrock (DK) var kunstnarane som stilte ut. Tema for utstillinga var å sette lys på tekstilkunstens relasjon til menneskets indre.

Tekstilen og mennesket har følgd kvarandre lenge, dei kjenner kvarandre på djupet. Tekstile materialar og uttrykk følgjer oss tett gjennom alle livets hendingar. Den tekstile kunsten rører ved sinnet, bokstavleg og symbolsk. Det finns kontakt mellom kollektive erfaringar, materialar og rørsler. Den kan røre ved slik ein song gjer det. Utstillinga sin tittel kan vere ein instruksjon om korleis ein fører nål og tråd inn under og gjennom for å få til eit vakkert sting. Eller slik eit garn ved hjelp av heklenål blir snurra rundt seg sjølv for å skape ein botn, ei flate, eller ein samanheng om ein vil. Same rørsle kan illustrere ein kreativ prosess – ein må inn, under og gjennom for å kome ut til klårleik og innsikt. «Gå den undre och inre vägen», som Gunnar Ekelöf skriv.



Foto: Liisa Hietanen

Filmfotograf Paul Johannessen lagde portrettintervju av kurator og kunstnarane som vart brukt i promtering og formidling av utstillinga.

I perioden 6.oktober-17.november hadde vi utstilling med Siren Elise Wilhelmsen sine «Beretningar frå den forbodne hagen – Off New Spring», PhD prosjekt. Opningstalen var med bystyremedlem og tidlegare byråd for klima, miljø og byutvikling Ingrid Fjeldstad.

Utstillinga viser resultat frå doktorgradsprosjektet i design *Odd New Spring – Towards Emerging Landscapes and a Reorientation in Design Practice*, som Wilhelmsen utvikla ved Institutt for design, Fakultet for kunst, musikk og design, ved Universitetet i Bergen.

Undersøkingane tek utgangspunkt i ei gruppe framande og uønskte plantar, og omfattar eksperimentelle materialstudiar og tekstilar. Gjennom ei open og undrande tilnærming blir den rådande oppfatninga av desse plantane som skadelege artar utfordra, og forholdet til dei blir sett opp mot berekraft, produksjon, forbruk og forvalting av naturressursar frå dei lokale landskapa.



Foto: Thor Brødreskift

I perioden 24. november – 13. Desember 2024 var det juleutstilling med kunst og kunsthåndverk:

Unike julegåver i eit kunstnarisk uttrykk: kunstverk, kunsthåndverk og design. Blant anna finn ein keramikk, kunsttrykk, tekstilkunst, kunstnarleg julepynt, smykke, unike origamilamper og meir. Utstillinga var ei «off the wall»-utstilling, som betyr at ein kan ta med seg kunsten med ein gong. Prisane på utstillinga varierte frå 150 kr til 2000 kr.



Foto: Ellen Hansen

### Kunstnaropp hold i skulehuset

I 2024 har museet sine første 2 offisielle kunstnaropp hold etter at museet prøvde seg på ein pilot i 2023. Første periode var frå midten av april til midten av mai. Dei første gjestekunstnarane på vårparten var Gro de Martine (NO) og Pinelopi Triantafyllou (GR), som arbeider med tekstilkunst. Andre periode frå midten av august til midten av september. Gjestekunstnarane var då Anne Marie Hirmer (DE) og Jenni Österlund (F) som arbeider med tekstil og fiber, performance og musikk. Kunstnarane har i løpet av periodane fått støtte og rettleiing frå Anneli og Cecilie, som arbeider med Galleri Salhus og gjestekunstordninga. Dei har fått introduksjon til Noreg og Bergen sitt kunstnarmiljø med utstillingsopningar, danseteateret Carte Blanche, samt en tur til lokale aktørar innanfor det tekstile felt: Hillesvåg Ullvarefabrikk AS, Oleana og Osterøy museum. Kunstnarane har vore veldig fornøyde og produktive, og veldig takksame for å kunne få bu og arbeide i Salhus i ein månad.





Inspirasjonstur: Artist in residency-kunstarane Anne Marie Hirmer (DE) og Jenni Österlund (F) og tilsette på tur til Hillesvåg Ullvarefabrikk

## Forvalting: samlingsforvalting

All samlingsutvikling i MUHO skal skje i tråd med samlingsplanen. Vi skal ha godt oversyn over samlingane museet forvaltar og gjere dei tilgjengelege. Museet skal prioritere i eksisterande samlingar for å gjere samlingane relevante og utnytte ressursane best mogleg.

- Asbestsanering og etterarbeid etter dette i Fabrikkbygg 1900 1. og 2. etasje er fullført, og museet har hentat inn kostnadsoverslag for den resterande asbestsaneringa på ca. 6 mill. Kr. Det er satt i gong med sanering i Fargeri/Vaskeri og vurdert eventuelle avhendingssaker i samband med dette.
- Det er gjort nokre mindre sikringstiltak i samband med at Karderiet er opna for at publikum kan gå der på eiga hand. I samband med opninga blei det gjort ein ROS-analyse i Karderiet. Det blei m.a. hengt opp fleire sperretau og merking av dører der publikum ikkje har tilgang. Ytterlegare opning av fabrikklokala vil bli vurdert i eige prosjekt/knytt til ny utstilling.
- Det har m.a. blitt arbeidd med å ta att etterslep på dokumentasjonsfoto, betre metadata (materiale i gjenstandar, plasseringskodar), og oppdatert lister og registreringar av maskinparken.



Foto: Bjørnar Myklebust. Bilete viser montering av nye rotkne i 1900-bygget.

## Maskinparken

Vi arbeider vidare med, og planlegg å søke støtteordningar som kan hjelpe oss med å finansiere overlapping og kunnskapsoverføring på maskinparken. Magnus Tveiten har bidratt til ny kunnskap om strikkemaskiner og symaskiner. Det er oppretta avtale med Opplæringskontoret for Tekoindustrien i Hordaland for å tilrettelegge for opplæring av læringar og tilsette i tekoindustryen. Det er rydda i delelager for nåler, maskinene på syloftet er gjennomgått, og utført overhaling av m.a. fleire ståande rundstrikkemaskiner.

## Forvalting: bygg og anlegg

*Asbestsaneringa i vårt freda TIK-anlegg er høgt prioritert og del av arbeidet med å intensivere og betre tilstanden på bygningsmassen. MÅL TIM: Hovudfokus på asbestsanering og gjennomføre tiltak lista i Multiconsult sin rapport om forsterkingstiltak i berekonstruksjonar i Fabrikkbygg 1900. Vurdere ytterlegare tiltak for straumsparing/hindre varmetap frå vindauge.*

Mykje tid har gått med til ferdigstilling av utleigelokale på Kveldheim før opning av museet.

- varevindauge i resten av vindauge på spoleloftet, og i 1. etasje Fabrikkbygg 1927 og 1953 er produsert hos Minde Snekkeri, og har blitt ferdig montert.

- Konstruksjon i Fabrikkbygg 1900 har blitt forsterka ved å montere rotkne: arbeidet er no finansiert med støtte frå Vestland fylke og Bergen kommune. Kne er kjøpt inn, der 9 av 23 kne er montert i 2024
- I sommarsesongen har det blitt malt utvendig og uteområdet har vorte rydda.
- Nytt sprinklaranlegg i tredelen av fabrikken har blitt prioritert i årets søknad om sikringsmidlar hos Kulturdirektoratet og UNI-stiftinga, etter fullført asbestosanering i lokala. Søknader har vorten innvilga. Museet har i 2024 òg hatt problem med å få fornya forsikringsavtalen, blant anna grunna alderen på sprinklaranlegget, noko som også viser kor prekært det er å få på plass eit nytt anlegg.
- Asbestsanering og etterarbeid etter dette i Fabrikkbygg 1900 1. og 2. etasje er fullført, og det er satt i gong prosess med sanering i vaskeriet. Det er elles henta inn kostnadsoverslag på resterande areal som må sanerast, estimert til 6 mill. kr. Det har blitt vurdert avhendingssaker i samband med asbestosaneringa.
- Vi har arbeidd med å ta att etterslep på dokumentasjonsfoto, betre metadata (materiale i gjenstandar, plasseringskodar), og oppdatert lister og registreringar av maskinparken.
- Uteområde og badeplass ved Rotholsneset har blitt reingjort og fjellvegg har vorte sikra etter steinsprang.

## Forsking og dokumentasjon: fagleg arbeid

*Kunnskapsproduksjonen vert til gjennom forsking og faglege dokumentasjonsprosjekt, og vi hentar fram ny kunnskap i samarbeid med andre museum og nasjonale museumsnettverk.*

### Faglege prosjekt og publisering

Tilsette har delteke i nettverksprosjektet Bærekraftige energinarrativer – industrimuseer møter klimakrisen, gjennom Nettverk for teknologi- og industrihistorie. Vi har kartlagt klimaendringane sin plass i musea i nettverket saman med Norsk Teknisk Museum.

Vi har utarbeida «Buksa mi», eit undervisningsopplegg om klede i samarbeid med Oslo museum og deltek på seminar og arbeidsmøte. Det har vore jobba med søknad til Offentleg PhD i lag med Universitetet i Bergen.

### Publikasjonar

Det vert arbeida med ein forskingsartikkel til publikasjon som kapittel i ein antologi om tilknytingsformer i arbeidslivet. Det vert og skrive artikkel om natur og miljø i reklame for turklede, som skal publiserast i museumsfagleg tidsskrift.

## Fornying

### Ny fast, forskingsbasert utstilling om tekstilindustrien i dag

I fleire år har det vore planar om ei ny fast utstilling på tekstilindustrimuseet. Hovudmålet er å gje meir rom til dagens tekstilindustri og påverknaden den har på natur, klima, og ikkje minst arbeidstilhøve for dei som arbeider i tekstilindustrien i dag.

TIM har gjennom støtte frå Vestland fylkeskommune (300.000) og Kulturdirektoratet, ARENA-midlar (200.000) til forprosjekt i 2024 med fokus på universell utforming og planlegging av ny verkstad og utstillingslokale i det gamle spinneriet. Det vart opprettet samarbeid med Sixsides for å jobbe med analyse og brukerinnsikt. Det er også inngått intensjonsavtale med OsloMet om fagleg samarbeid.



Illustrasjon: Tilbud forprosjekt, SixSides

## Eigeninntekter & profilering

### Utleige 2024

Kveldheim har vore museet si store satsing i 2024 for å få auka eigeninntekter. Vi har lukkast i å pusse opp lokalet, etablere eit industrikjøkken, få lagt terrasse og kjøpt inn alt til utleige. Første offisielle utleige med betaling var 11. mai. Det har vore eit populært og opplagt lokale for: konfirmasjonar, bursdagar, mindre bryllaup, seminar, avdelingssamlingar, leiarsamlingar m.m. Denne satsinga skal hjelpe med å styrke eigeninnteninga på museet. Samtidig skal det gjere det lettare å ha fleire kurs og arrangement. Lokala har og vore brukt til andre store satsingar, bl.a. som del av Bergen

Strikkefestival med kafé/matservering. Skolehuset har vore utleig til samarbeidspartar i tillegg til å huse gjestekunstnarar.



Kjøkkenet på Kveldheim: kokken Benedicte Jørgensen får hjelp av Vibeke Døsvik Haukeland

## Museumsbutikken

Vi har arbeidd med produktutvikling for museumsbutikken i samarbeid med lokale produsentar (Vassbrekko) og for å re-etablere produksjonsline for bomullsplagg i samarbeid med Magnus Tveiten. Vi har sydd t-skjorter som har blitt solgt i museumsbutikken i lag med andre produkt som vi lagar på maskinene våre som del av formidling av produksjonslinia til Salhus Trikotasjefabrikk AS. Det er etablert samarbeid med Opplæringskontoret for teko industrien i Hordaland som skal bruke museet i opplæring av lærlingar og kurs i etterutdanning. Vi har inngått samarbeid med Bergen inkluderingsenter der deltakarar har fått sy og samtidig som dei får språkopplæring i norsk.

## Marknadsføring og kommunikasjon

Vi brukar Facebook, Instagram, nyheitsbrev og heimesidene til å marknadsføre museet og arrangement. Ein viktig kanal for familiar er aktivitetsavisa Barn i byen, der vi er synleg med våre tilbod og med ei annonse i vår. Vi har fått trykt opp ei ny brosjyre for museet på norsk og engelsk. Vi brukar Visit Bergen sine kanalar og NF&TA sitt nettverk, samt samarbeider med ulike kunst og kulturinstitusjonar for å nå ut til fleire.



## Mangfald, inkludering og tilgjengeleggjering

Vi har tilbytt jamleg gratis inngang sundagar med mål om breiare inkludering. Statistikk og dagsoppgjer viser at vi får godt besøk og høg omsetning når vi greier å få tilbodet ut til publikum. Vi brukar mangfaldsplakaten i planlegging av arrangement og besøk. Vi har samarbeid med Bergen inkluderingssenter for å gje arbeidspraksis og språkopplæring.

Etter Bergen Strikkefestival fekk vi tilbakemeldingar på at program og publikum var etter tilhøva mangfaldig og inkludering. Programmet trefte publikum i alle aldrar og med ulike forutsetningar. Vi vil jobbe endå meir med større etnisk og kulturell variasjon på neste strikkefestilval.

5-6- november vart det arrrangert kurs i universell utforming for museumstilsette i Vestland, med støtte frå Bufdir og Kulturdirektoratet. Kurset hadde fokus på balansen mellom krav til tilgjengeleghet mot krav om freding. På kurset fekk vi vete meir om erfaringar frå brukarpanel og jobba praktisk med å finne gode løysingar på eksisterande bygg og utstillingar. Medverkande til kurset var mellom anna Trine Presterud ved Universell utforming AS, Marianne Alfsen ved Felix Media.

## Mål Aktiv samhandling

*Vi er ein fagleg attraktiv samarbeidspart, med sterkt samanbindingskraft på tvers av fagfelt, institusjonar, brukargrupper og interessentar. Dette skal kome til uttrykk gjennom vidareføring av formalisert FOU-samarbeid, realisering av utviklingsprosjekt på avdelingane og utvikling av nye samarbeidsprosjekt i og utanom museumsnettverka.*

- Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar i lokalmiljøet: i februar var heile avdelinga samla på Åsane kulturhus for teambuilding, inspirasjon og å knyte kontakt med kulturliv og frivillige i Åsane.
- Vi har etablert intensjonsavtale med Janne Bjelland for leveransar til kafé og planlagt drift av kafeen frå 2025.
- Vi utviklar museet som arena/møteplass gjennom oppgradering av infrastruktur og ny utstilling. Har fått tildelt midlar frå ARENA (kulturrådet) for å arbeide med universell utforming og å opne meir opp med verkstad og liknande i samband med ny utstilling.
- Partner i NF&TA Klynge for tekstilnæringa i Noreg: Kick-Off Ullovasjon i Salhus 6. juni.
- Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar i lokalmiljøet: 21. september hadde vi høstsamling med LivOgLyst i Salhusgrenda.
- Vi har etablert intensjonsavtale om samarbeid med fleire aktørar som mellom anna Oslo Met, Universitetet i Bergen, Opplæringskontoret for Tekoindustrien i Hordaland.



- Samarbeid med kulturkontor under kulturfest Åsane med arrangement som foredrag om dåpskjoletradisjon og gjenbruk satt inn i ein kulturhistorisk kontekst som ein del av feiring av Salhus kirke 100 år. BIT Teatergarasjen sitt Prøverom hadde danse og teaterforestilling.
- Samarbeid med Universitetet i Bergen om utvikling av offentleg PhD.
- Samarbeid med Åsane bibliotek der museet held foredrag om gjenbruk av garn og farging av garn.
- Samarbeid med Bergen offentlege bibliotek om REDIS – redesignkonkurranse, foredrag om materialkvalitet i tekstilproduksjon.




Foto: Inger Lena Gåsemyr: Foredrag med Agnes Hoshovde Bernes på REDIS, Bergen offentlege bibliotek

## Samarbeid og oppgåver på tvers i MUHO

### Verv

- Butikkgruppa i MUHO: Anneli Belsvik Aras (leiar)
- Formidlingsgruppa i MUHO: Ellen Marie Fiære Risbruna (leiar)
- Forskningsgruppa i MUHO: Inger Lena Gåsemyr (medlem)
- Samlingsgruppa i MUHO: Hanne Dale (leiar fram til 30. september), Ingrid Haugrønning leiar frå 1. oktober.
- Tillitsvald i Forskar forbundet: Ellen Marie Fiære Risbruna

- Tilsette sin representant i MUHO sitt styre: Hanne Dale, deretter Anneli Belsvik Aras
- Turkomiteen 2024: Anneli Belsvik Aras.
- Bruk av ressursar på tvers i arbeid med utstillingsprosjektet “Sirkulære Nordhordland”: Bjørnar Myklebust.
- Bruk av ressursar på tvers i arbeid med formidling: Agnes Hoshovde Bernes.
- Bruk av ressursar på tvers i arbeid med marknadsføring: Agnes Hoshovde Bernes.

Tilsette på TIM bidreg òg inn i fleire prosjekt på tvers av organisasjonen.

## Kommentar til budsjett

2024 var eit år med mange planar og mange ballar i lufta som vi på høveleg vis har klart å lande, sølv om budsjett var strammare enn året før. Målet om auka eigeninntekter frå museumsbutikken og cruise-grupper var høgare samanlikna med året før. Diverre kom det uventa avlysingar frå cruise-gruppene, som gjorde at målet ikkje vart innfridd. Auka honorarutgifter og pensjonskostnader vart også utfordrande, noko som gjorde at resultatet ikkje vart slik ein hadde tenkt. Det vart difor i underkant av ein halv million i minus.

## Oppsummering

Det har vore eit spanande år med mykje aktivitet. Strategiplanen har vore ei viktig rettesnor med fokus på å være ein aktiv kunnskapsbyggar og tydeleg samfunnsaktør innanfor spydspissen industriarv. Dei materielle spora etter industrien, som bygningar, verkstadar, maskiner, lager og infrastruktur, men òg immaterielle verdiar som teknisk kunnskap, organisering av arbeidet, og sosiale og kulturelle ringverknader av industriverksemd har vore bærebjelken i arbeidet vårt. Salhus si industrihistorie i fortid og notid er viktig for å skape identitet, samhold og samskaping i lokalsamfunnet.

Stor takk til alle engasjerte tilsette, som er løysingsorientert, kompetente og open og bidrar til at arbeidet vårt er relevante i samtida. Vi er i utvikling og jobbar aktivt for å bli meir robuste, føreseielege og inkluderande. Stor takk til offentlege og private tilskotsgjevarar, samarbeidspartar og frivillige lag og organisasjonar og til alle besøkande.

